

Nettmøte i Sunnfjord KFU

Tid: Onsdag 16. september 2020 kl. 1900-2030

Velkommen og opprop

Til stades: Mariann Olga T. Flo, Ivar Frøysland, Robert Frøysland, Gunvor Beate Bjordal Solvik, Arne Eikeland, Kesia Irene Jensen, Svein Tore Helgås, Steinar Kleppe, Line Senneseth Råheim, Marit Solveig Nedrebø, Tone Støylen Holgerson, Halvard Avdem, Roger Eide, Jan Morten Dvergsdal, Elisabeth Tefre, Terje Sekse Horne, Linda Sølvsberg Storøy,

Kommunalsjef skule Åge Stafsnes og Mobbeombod Aina Drage.

Litt om kva kommunalt FAU er for noko. Ligg info og vedtekter på heimesida. Felles heimeside for Sunnfjord kommune. Fint om alle ser igjennom desse, slik at vi kan gå igjennom dette på årsmøte.

**Sak 01-20/21: Status for arbeidet i fjor.** Litt oppsummering frå oppstarten av dette felles organet for foreldra i Sunnfjord kommune. Litt oppsummering av den spesielle situasjonen som har vore med kovid- 19 og nedstenging og gjenopning av skulane. Ein tek med seg dei erfaringane vi har gjort oss vidare. Vi har også delteke og engasjert oss i saka mot å legge ned FAU, og har samarbeid med nasjonalt KFAU om dette.

Referent Linda Sølvsberg Storøy.

### **Sak 02 - 20/21 Informasjon frå Kommunalsjef skule, Åge Stafsnes**

Kommunen har ein beredskapsplan. Den kan skape utfordringar. No har vi ikkje smittetrykk i Sunnfjord. Likevel må ein oppretthalde beredskapen, for å hindre lokale utbrot.

Tanken er at ein skal kunne endre på beredskapsnivå fort.

Grøn: Vanleg skule utan restriksjonar.

Gul: Avstand, handvask/sprit. Kohortar (klasse) Men ikkje blande mellom klasser/årstrinn.

Rødt: Maks 15 elevar pr. kohort på barnesteget og 20 pr. kohort på ungdomssteget. Avstand, inn/ut av skulen/klasserom.

Alle skular har planane klare slik at ein kan forandre på 1 dags varsel.

Det er viktig med kontinuitet. Planane skal og sikre sårbare barn, og foreldre med samfunnskritiske oppgåver.

Det er nokon utfordringar, men ein ting er klart: **Ingen skal møte på skulen/arbeid med symptom. Ein må være symptomfri før ein møter på skulen att.**

Dette vil kunne føre til at ein får utfordring med nok personell. Alle skal være heime med symptom, men ein må være sjuk lenge før ein har rett på heimeundervisning.

- **Fagfornyng.** Skal fasast inn gradvis over fleire år. Det er store endringar. Mindre detaljar. Andre måtar å lære på. Ein skal ha kompetansepersonar på kvar skule. Ein har ein samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (seinare forkorta til HVL). Det er 4 resursskular kvart år, som no er Naustdal, Vassenden, Sande og Sunde. Ein er godt i rute med fagfornyng. FAU skal involverast og i denne fagfornyng.
- **Berbare PC/Nettbrett til alle elevar.**  
Eit stort løft, no er det 3040 pc som er på veg ut til elvar, ein startar i oktober. 1.-2. trinn skal ha nettbrett. Alle andre pc. Alle skal få cover til pc og nettbrett. Innan jul skal alle ha fått utstyr.  
Tanken er at ungdomstrinna skal kunne ta pc med seg heim. Dei andre har datautstyret på skulen.

I løpet av hausten skal ein sjå på skulestrukturen i Sunnfjord. Ein må legge ein plan for skulane. Ein ser at ein vil få ein nedgang på ca. 640 elevar, som er 22 klassar på 10 år. Antal eldre vil auke tilsvarande. Sunnfjord brukar lite på skule, i samanlikning med med andre tilsvarande kommunar, men ein lyt likevel ta grep.

Planen framover er folkemøter/høyringsrunde etter haustferien. Konklusjonen skal endeleg handsamast i desember. Vert det vedtatt justering av kringsgrenser, så må dei ut på ny høyringsrunde med frist mars 2021.

Ein har krav til korleis skulane skal arbeide med trivsel og læring. Ein brukar dei systema ein har. I oktober kjem ein handbok om spesialundervisning.

Ein held på å utgreie Sande skule. Der er det vedteke at det skal opp ein brakkerigg for å hjelpe på plassmangel, den brakka kjem opp i løpet av hausten.

Hallen på Vassenden og Skei er snart ferdig. Hallen på Halbrend er planlagt ferdig til våren.

Utgreiing av Førde barneskule skal være ferdig til desember.

Ein har fått midlar til oppfølging av sårbare barn, som t.d. tapte fagleg pga. stengde skular.

**Sak 03-20/21 Sosiale media (Sak frå FAU-leiar ved Holsen skule og nestleiar KFU, i samråd med leiar KFU)**

Steinar Kleppe Naustdal: Mange barn har sett videoar på sosiale medier på nett med innhald som ikkje er egna for barn. Dømet er bl.a. videoen der ein person tek livet litt.

Kva kan skulane gjære med dette i skuletida? Korleis kan skulane blokkere via SYS IKT enkelte sider på skulane sitt nettverk?

Korleis kan ein styre sosiale media bruk?

Svar frå Aina Drage, mobbeombod i Vestland.

Ja, korleis kan vi kome i posisjon slik at vi får barna til å velje rett? Det er viktig å vite at når vi tek kontakt, om det vi er blitt einige om. Også oss foreldre i mellom.

Korleis få til foreldre samarbeid? Det kan mobbeombodet hjelpe til med om ein ønskjer det.

Vi bruker det digitale overalt. Å være på nett er viktig. Dei fleste over 9 år har smart tlf. 4 av 10 barn i den aldersgruppa har sett videoar med valdeleg innhald.

Det er viktig å finne ein balanse mellom overvaking og hjelp. Det er viktig at foreldre og barn pratar om korleis ein skal handtere slike ting.

Barnevakten.no er ei god kjelde til tips og råd.

Kva gjer ein visst ein elev eksponerer andre for dritt? Det er viktig å ha snakka om dette tema allereie på første foreldremøte, før det eventuelt har oppstått. Vi forstår og vurderer ting ulikt. Det er mykje materiale vi kan bruke. Kva forventar vi av våre barn? Det er viktig å snakke om.

Barnevakten.no har oppskrifter korleis ein kan styre ulike appar.

Forskere er skeptisk til virkemidlet om å stenge ned. Det er viktigare med openheit og dialog.

Planen er at politiet skulle ut på skulane og fortelje om nettvett til elevar og foreldre. Dei har eit delt opplegg med barna på dagtid og med foreldra på kveldstid.

Det er viktig å jobbe med haldningar. Det er eit kompleks/samansett felt utan god og enkel fasit. Vi å få meir kunnskap, og involvere ungane som er ekspertar på området.

På spørsmål om kva som skjer med opplegget Kjærleik og grenser, som var eit godt opplegg i Gaular. Kjærleik og grenser inneheld bl.a. dette med grenser, gruppepress og uheldige ting. Stafsnes svarte at ein måtte lande på kva opplegg ein skal ha i heile Sunnfjord.

### **Sak 04-20/21 Symjeundervisning (Sak frå FAU-nestleiar ved Førde Barneskule)**

Førde barneskule v/ Gunvor B. B. Solvik meiner, at det tilbodet ein no har fått med symjing i 2., 4. og 7.klasse er for alt for lite, etter at symjeundervisninga vart samordna i Sunnfjord.

Stafsnes: Kapasiteten er sprengt i kommunen. Utvalet for den nye kommunen landa på slik det er planlagt no. Det har og ei økonomisk side.

Roger Eide: Statistikken seier at 10 personar druknar under bading kvart år. Ide å flytte noko ut? Kan vi tenkje alternativt? Hovudmålet må være å få ferdigheiter slik at ein unngår å drukne. Mange får sjokk ved å havne i kaldt vatn.

Innspel frå Line Senneset, Sande skule: På Sande har ein god kapasitet i bassenget.

Viksdalen kom med uttalen, om at ein kanskje ikkje hadde nådd kompetansemålet i faget tidlegare.

Haukedalen: Dreg ilag med Holsen skule på bading i Førde 3.timar 2.kvar fredag.

Konklusjonen er at dette må ein sjå meir på.

### **Sak 05-20/21 KFU-vegen vidare, felles mål og metode for å kome dit (alle)**

Leiar: Det ein ser at det godt at det to/tre representantar frå kvar skule. Då har ein støtte i kvarandre. Pga. smittevern, så kan det være greitt å forsette å møtast på nett.

Til årsmøtet så er det ein fordel om alle har lest gjennom vedtektene på førehand, og visst smittestoda tillèt det så skal vi møtast fysisk. Åge Stafsnes får i oppgåve å sjekke ut kvar ein kan være, då salen på rådhuset er for liten med tanke på rett avstand.

Ny framdriftsplan kjem etter årsmøtet.

### **Sak 06-20/21 Ymse, viktige innspel og status frå skulane**

Eit Sukk frå Gunvor (Førde barneskule) som også arbeider på Firda Billag. Syt for at ungane har med seg skuleskysskort eller verdikort på bussen.

Trygg skuleveg. Viktig at no kjem refleksen fram, det er mørkt om morgonane.

Ting kan gå fort med tanke på smittevern, så vi må være på.

Referent Marit Solveig Nedrebø